

Innkalling til årsmøte for året 2014 i Sogndal Sau og geit og Sogndal beite og sankelag



Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar
3. Val av skrivar
4. Val av to til å underskriva møteboka
5. Årsmelding for Sogndal Sau og Geit
6. Arbeidsplan for Sogndal Sau og Geit 2014
7. Rekneskap for Sogndal Sau og Geit 2014
8. Årsmelding for Sogndal beite og sankelag
9. Rekneskap for Sogndal beite og sankelag
10. Fastsetjing av godtgjersle til leiar og kasserar i Sogndal Sau og Geit
11. Fastsetjing av godtgjersle til leiar i Sogndal Beite og Sankelag
12. Fastsetjing av godtgjersle til sankebas og soneleiar
13. Val i Sogndal Sau og Geit
14. Val i Sogndal beite og sankelag
15. Ymse
 - a. Spørsmål om økonomisk støtte til Fellingslaget i Sogn og Fjordane

Årsmelding Sogndal Sau og Geit for året 2014

Styret i Sogndal Sau og Geit var samansett slik

Leiar: Håvard Øyrehagen

Kasserar Nils Arvid Flugheim

Nestleiar: Steinar Eikevik

Styremedlem: Stig Ove Ølmheim

Skrivar Gunnar Henjum

Web ansvarleg: Johannes Gunvordal

Sogndal Sau og Geit har per i dag 75 medlemmer mot 76 i 2013. Me kan sikkert ta tak att i verving og passe på å halde medlemstalet oppe. Dette er viktig både for å ha eitt godt fagmiljø og for å ha ei stemme inn i fylkeslaget.

Årsmøtet for 2013 vart halde den 28. januar på Læg Reid hotell. Det var 26 frammøtte. Årsmøte inneheldt vanlege årsmøtesaker.

Fylkesårsmøte vart halde på skei 21.-22. mars. Håvard Øyrehagen og Johannes Gunvordal møtte frå Sogndal Sau og Geit.

Sone 1 og 2 hadde ullevering på Vekta ved Hodlekve og ved Trafikkstasjonen. På Kaupanger organiserer dei seg sjølv. Norilia tek imot på Kaupanger og ved Vekta, medan Fatland står ved Trafikkstasjonen. Medlemmene gjer ein kjempeinnsats for laget og for ullprisen når me organiserer ulleveringa på denne måten.

I året som har gått har me halde 4 styremøte. Me har ikkje sendt medlemsskriv verken på epost eller på heimesida dette året, og ser at me må ta litt tak i dette for det er ein viktig kommunikasjon ut mot medlemmene. Det tek ein del tid å halda ei web-side oppdatert så me må planlegga litt korleis me gjer dette i det kommande året. Me tek gjerne imot nye epostadresser slik at me kan sende informasjon på dei. Det sparar laget for mykje pengar. Har nytta SMS for ein del kommunikasjon og tek gjerne imot tilbakemeldingar på korleis dette fungerer. Dersom nokon ikkje får må dei sei frå.

Det vart arrangert ein fjelltur som Steinar Eikevik leia opp til sankehytta ved Kongsteigbotnen. Det var godt frammøte, og me bestemte oss for at dette er noko me vil forsøka å arrangera neste år også.

Det vart arrangert ein datakveld med fokus på nye Sauekontrollen i haust. Sauekontrollen har komme i ei ny og forbetra utgåve og det er enklare å lage sine egne skreddarsydde rapportar. Ivar Henjum frå Leikanger hjalp oss gjennom programmet og høgskulen var velvilleg og lånte oss ein datasal gratis. Dette er noko me kan gjere fleire gonger om det er behov for det.

I oktober var det kåring på Kaupanger og Sogndal Sau og Geit stod for arrangementet. Me må nok arrangera det på ein litt anna måte neste gong på ridebana, for det var ikkje heilt populært at me stod midt på travbana. Men over 100 lamb vart kåra og det var god stemning.

Felles ettersank var søndag 5. oktober og dei fleste dyra var ned att komne etter denne datoen.

Nortura har tilbydd seg å kurse folk i klypping om dei kan tenkje seg å begynne med leigeklypping. Ein får då stå på linja og klyppe sauer på Nortura i Førde.

Styret takkar medlemmene for godt oppmøte og insats i året som er omme og ser fram til eitt nytt år.

Arbeidsplan for 2015:

Styret tek gjerne imot innspel på kva aktivitetar dei ynskjer i løpet av året. Me har sett opp eitt forslag til aktivitetar som kunne vera aktuelle å gjennomføra.

-Fagmøte på skei i januar

-Fjøsbesøk – tidleg mars

-Felles tur ein eller anna plass i landet for å hente inspirasjon – Mars

-Tur til slakteanlegget til Nortura i Førde - Februar/november

-Fjelltur til beiteområde/sankeanlegg – august

-Kurs i Animalia/anna fagleg påfyll? /oktober

-Seminkurs eller klippekurs ved behov

-Andre tiltak?

Fardal 26.01.15

Håvard Øyrehagen /styret

Forslag til godtgjersler

Alle godtgjerslene vart oppjustert i fjor, og styret føresler difor at satsane vert ståande uendra i år.

Sak 10

Godtgjersle til Leiar: 3000 uendra

Godtgjersle til Kasserar: 3000 uendra

Sak 11

Godtgjersle til Leiar i Beite og sankelaget: 2000 uendra

Sak 12

Godtgjersle til Sankebas: 3000 uendra

Godtgjersle til soneleiar: 300/600/900 uendra (tre ulike satsar)

Sak 13. Forslag frå valnemda på nytt styre i Sau og geit og Beite- og sankelaget 2015

Leiar: Håvard Øyrehagen –på val : *Håvard har sagt seg villeg til gjenval for 1 år*

Nestleiar: Steinar Eikevik –på val : *Steinar har sagt seg villeg til gjenvalg for 2 år*

Styremedlem : Stig Ove Ølmheim –på val : *Stig Ove ynskjer ikkje gjenvalg, forslag på Hilde Kristin Hofslundsengen Valland for 2 år*

Styremedlem : Gunnar Henjum Reppen –ikkje på val (2016)

Kasserar : Nils Arvid Flugheim –ikkje på val (2016)

Varamedlemmar til styre:

1 vara: Omar Eggum –på val : *Har sagt seg villeg til gjenvalg 1år*

2 vara: Jens Olav Venes –på val : *Har sagt seg villeg til gjenvalg 1 år*

3 vara: Svein Jarle Selseng –på val : *Har sagt seg villeg til gjenvalg 1 år*

Revisorar for begge lag

Leif Arne Nordheim og Eirik M Loftesnes - *Er spurde og sagt ja*

Valnemd for begge lag

Leiar: Espen A Iversen – går ut

Audun Valeberg

Jarle Barsnes

Forslag til nytt medlem i valnemda : Magnus Kollsete

Fylkesårsmøte i Sau og Geit 28. februar og 1. mars: Håvard Øyrehagen er spurd og har sagt ja

Årsmøtet vel ein person til som kan representera laget.

Sak 14. Forslag frå valnemnda på Beite og Sankelaget

Sankebas : Jostein Flatland –ikkje på val (2016)

For valnemda Espen A Iversen